



Cato Sagstad
Indre Sagstad 60
5919

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1733 - 19/1554

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

23.01.2019

Oppfølging av førehandsvarsel om retting og ilegging av tvangsmulkt - GBNR. 19/2

Meland kommune er kjent med at septiktanken på eigedom gbnr. 19/2 i Meland kommune har vore utset for ein lekkasje.

Eigar har fått informasjon om tilhøvet, og vart i utgåande skriv datert 29.06.2018, førehandsvarsla om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt med ein frist satt til 17.09.2018, der det var spesifisert at kommunen må underrettast skriftleg når det ulovlege tilhøvet har opphøyr.

Meland kommune har ikkje fått melding innan fristen som vart satt. Kommunen ber difor om ei skriftleg tilbakemelding når tilhøvet er retta opp i **innan 06.02.2019**, ved at skjemaet for tilbakemelding er utfylt.

Dersom omstenda ikkje blir utbetra innan ovannemnde frist, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette innan fristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å rette opp i tilhøva, og der vi ilegg dykk tvangsmulkt dersom ikkje krav i påbodet vert etterfylgt. Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt vil i så tilhøve bli gitt i særskild vedtak ved utløp av fristen **06.02.2019**.

Elles visast det til førehandsvarselet, då dette brevet er kun ei påminning av det som går fram av varselet du allereie har motteke.

Med helsing

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Cato Sagstad

Indre Sagstad 60 5919